

Frå Arvid Villanger
Rossnesvegen 414
5937 Bøvågen

16.07.2023

Til Alver Kommune V/Mikkel Bengtsson

Klage i sak 23/56945: Avslag på søknad om godkjenning av vald gbnr, 418/9 og 6, 418/19, 418/30 Villanger.

Kommunen peikar på at det omsøkte arealet for hjortevald overstig minstearealet (250 da) for hjort i området og at søkjarane har den kompetanse og erfaring som skal til for å jakta på forsvarleg måte. Dei formelle krav til tidsfristar og underskrifter er også oppfylt. Likevel avslår kommunen å gje løyve til oppretting av Kvitevaren hjortevald.

Kommunen grunngjev i si handsaming av søknaden med at det omsøkte hjortevaldet ikkje oppfyller kravet i §9 med omsyn til å vera eit samanhengande jaktbart areal. Kommunen viser til eit kart som omfattar meir enn det arealet vi har søkt om å driva jakt på. Dette kartet omfattar eit totalt areal på over 400 da. Dei tek med holmar, øyer og skjær som vi ikkje har søkt om å driva jakt på. I vår søknad er det merka av eit avgrensa samanhengande areal som langt overstig minstearealet for hjortevilt i området. Det er i dette området hjorten går. Kommunen argumenterer altså for at desse holmane fører til at arealet ikkje er samanhengande. Vi meiner det er ei feiltolking frå kommunen si side når holmar og skjær som høyrer til gnr. 418 bnr. 6 og 9, vert lagt til grunn for at arealet ikkje er samanhengande.

Kommunen peikar vidare på vanskar med samarbeid med grunneigarlaget i området. Dei peikar på at leiar i Radøy Nord hjortevald ikkje vil samarbeida med oss. Kommunen tilrådde i 2022 at vi skulle søkja om å få eit jaktfelt i Radøy Nord hjortevald. Vi følgde denne tilrådinga og søkte i 2022 om å få eit jaktfelt i Radøy Nord hjortevald. Denne søknaden har vi ikkje fått svar på. Verken vi eller kommunen har lukkast i å få til eit samarbeid med leiar for grunneigarlaget, tidlegare hjortevaldsleiar og jaktfeltsleiar på Villanger. Vi stiller spørsmål ved om det er slik at dei som ikkje vil samarbeida med oss kan hindra oss i å driva jakt på vår eigedom. Vi meiner kommunen med dette vedtaket undergrev vår rett til å forvalta ressursane på eigen gard. Vi har meldt frå om at ingen andre kan driva jakt på vår eigedom. Kommunen sitt vedtak er difor også til hinder for å halda nede hjortebestanden. Etter det vi har forstått har det over fleire år heller ikkje lukkast hjortevaldet i Radøy Nord å fella den tildelte kvoten. Det skal også nemnast at det tidlegare har vore praktisert ein munnleg avtale mellom naboar og tidlegare eigar av gnr. 418 bnr. 6 og 9 om å jakta annakvart år på dei nordlegaste gardane på Villanger (inkludert vår gard).

Vi ser med stor undring på at hjorten beiter på innmarka vår og et opp rosene i hagen vår, medan kommunen gjennom fleire år no har nekta oss å oppretta eit hjortevald på garden. Vi ser også at dei i Radøy Nord jaktfelt, som nektar oss å driva jakt, sjølv driv jakt på nord- og sørsida av det området vi ønskjer å jakta i. Dersom vi ikkje har eit samanhengande jaktfelt, stiller vi spørsmål ved korleis kommunen kjem fram til at naboane har eit samanhengande jaktfelt.

Ut frå dette meiner vi at kommunen ikkje har brukt godt nok skjønn i denne saka. Vi oppfattar avslaget som klart urimeleg og urettferdig og vi ønskjer at saka skal prøvast for fylkeskommunen.


Mvh. Arvid Villanger
Valdansvarleg representant